

Éin kropp og éin Ande,
liksom de fekk éi von då de vart
kalla, éin Herre, éi tru, éin dåp,
éin Gud og Far for alle,
han som er over alle og gjennom
alle og i alle.

Til kvar einskild av oss er nåden
gjeven, alt etter som Kristi gåve
blir tilmålt.

Efesarbrevet 4,4-7



KONTAKT



Foto: Anders Bergersen

Ta gjerne kontakt om du vil vi skal
hjelpe deg med påmelding eller meir
info.

Tlf: 70 24 69 00

Sykkylven.kyrkja.no

post@sykkylven.kyrkja.no

DÅP



Foto: Caroline Roka

Har de vurdert dåp?
Ikornnes og Sykkylven kyrkje
tilbyr dåp og trusopplæring til alle
som ønsker det.





Foto: Sveinung Bråthen

KVA BETYR DÅP?

Dåpen er ikkje berre vatn, men vatn som Gud har fortalt oss vi skal bruke saman med hans ord.

Dåpen gir forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen og gjev evig glede til alle dei som trur Guds ord og lovnad.

Jesus seier: *Den som trur og blir døypt, skal bli frelst.* Mark 16.16

- Fritt etter Martin Luther i den vesle katekisma.

KVA ER DÅP?

Om de ønsker å døype barna dykkar så er det nokre ting å tenke på.



PÅMELDING: SYKKYLVEN.KYRKJA.NO

På internett finn de eit enkelt skjema der de velger kyrkje og ein søndag som passer for dykk. Trykk *kyrkjelege handlingar* for å finne dette skjema.

De vil etterkvart bli kalt inn til ei dåpssamling som gir nærare informasjon til foreldre som snart skal ha dåp.

De velger sjølv minst to fadrar (15år eller eldre) som kan vere dåpsvitner.

DÅPSDAGEN:

Gudstenester er oftast søndag kl. 11. Dåpen skjer tidlig i gudstenesta og de blir invitert fram av presten. De forteller kva barnet heiter og presten auser vatn på hovudet til barnet, ber og vi tenner eit lys.

Etter dåpen er det søndagsskule som er ei eiga samling for barn i alle aldrar.

Det er mogleg å ha ein dåpsfest etter dåpen, men dette er heilt frivillig. Vi oppmuntrar alle til å tenke enkelt om det kjennest overveldande.

TRUSOPPLÆRING:

Dåpen gjer også at barnet ditt vil bli invitert til ulike samlingar i kyrkja som skal hjelpe dei å lære om den kristne trua og å leve i den.



Foto: Sveinung Bråthen



Foto: Caroline Roka